


Kinn kommune

► **VEDLEGG Tilleggsanalysar**

RAPPORT: Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår

Oppdragsnr.: 52305528 Dokumentnr.: 2 Versjon: Dato:



VEDLEGG Tilleggsanalysar

RAPPORT: Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår

Oppdragsnr.: 52305528 Dokumentnr.: 2 Versjon:

Oppdragsgjevar: Kinn kommune
Oppdragsgjevares kontaktperson: Margit Drivenes Kløvfjell, Mona Ødegård Standal
Rådgjevar Norconsult ,
Oppdragsleiar: Terje Gregersen
Fagansvarleg: Olav Klunge
Andre nøkkelpersonar: Taher Bastami, Kristoffer Røksund Hansen

Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent
---------	------	--------	-----------	----------------	----------

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Innhold

1	Oppdraget – Nærare vurderingar og analysar av fire skuleanlegg	5
1.1	Utfordringsbilde Grunnskule Kinn kommune (frå Omstillingsrapporten)	6
1.2	Ny opplæringslov og endring av nærskuleprinsippet – konsekvensar for Kinn	7
2	Revidert Kompas-prognose (april 2024)	9
2.1	Samla elevtal	9
2.2	Florelandet (Brandsøy, Torvmyrane, Krokane, Florø barneskole)	10
2.3	Heile Florø sentrum	11
2.3.1	<i>Florø barneskole inkl. Stavang og Krokane skule – dagens situasjon</i>	11
2.3.2	<i>Florø sentrum – Felles barneskule i Florø barneskole – tilrådd langsiktig løysing i «Omstillingsrapporten»</i>	12
2.3.3	<i>Florø barneskole inkl. Stavang</i>	13
2.3.4	<i>Krokane skule (ujustert)</i>	14
2.4	Heile Vågsøy (tre barneskular)	15
2.4.1	<i>Skram skule</i>	16
2.4.2	<i>Skavøypoll skule</i>	17
2.4.3	<i>Raudeberg skule</i>	18
3	Revidert LCC analyse - Nytt alternativ M0+ : Utvida tiltaksnivå på utvalde skular	19
3.1	Ny M0+ alternativ	19
3.1.1	<i>Auka tiltaks- og ambisjonsnivå i hovudbygget til Florø barneskole:</i>	19
3.1.2	<i>Auka tiltaksnivå for Krokane skule:</i>	20
3.1.3	<i>Auka tiltaksnivå for Skavøypoll skule:</i>	21
3.2	Revidert evaluering av M0+ i høve dei andre moglegheitane	23
3.2.1	<i>Ny samanstilling med M0+</i>	24
3.3	Revidert LCC analyse	25
4	Felles barneskule i Florø sentrum - tilleggsvurderingar	27
4.1	Justering av inntaksområda i Florø sentrum for å tilføre fleire elevar til Krokane skule	27
4.1.1	<i>Avstandar og elevmengder</i>	29
4.1.2	<i>Konsekvensar for elevmengde og avstandar</i>	31
4.2	Revidert tiltaks- og ambisjonsnivå for Florø barneskole	32
4.2.1	<i>Dimensjonerande elevtal</i>	32
4.2.2	<i>Bygnings- og tiltaksmessige hovudgrep (revidert)</i>	33
4.3	Felles barneskule på tomta til Krokane skule	35
4.3.1	<i>Dimensjonerande elevtal</i>	35
4.3.2	<i>Bygnings- og tiltaksmessige hovudgrep – B600 skule</i>	35

4.3.3	<i>Investeringsmessige konsekvensar</i>	36
5	Nye Skram skule – vurdering av eksisterande planar	37
5.1	Nye Skram skule – Kapasitetsanalyse av vedteken utbyggingsløyising	37
5.1.1	<i>Klasseromskapasitet</i>	37
5.1.2	<i>Lærararbeidsplassar</i>	39
5.1.3	<i>Brannkrav</i>	39
5.1.4	<i>Tilråding Norconsult</i>	39
5.2	Dimensjonerande elevtal Skram skule (eigen skulekrets)	40
5.3	Dimensjonerande elevtal – Skram skule inkl. Raudeberg	41
5.4	Felles barneskule for heile Vågsøy i Skram skule – B400 skule (teikning)	42
5.5	Dimensjonerande elevtal – felles barneskule i Måløy	43
6	Skramsmarka til skuleføremål – vurdering og analyse	44
6.1	Vurdering av teknisk tilstand og kalkyle vedlikehaldsetterslep	44
6.1.1	<i>Skramsmarka – eit funksjonelt støtteareal for Skram skule?</i>	45
6.1.2	<i>Norconsults tilråding</i>	47
6.1.3	<i>Investeringsmessige behov</i>	47
7	VEDLEGG : Oppdaterte analysar knytt til utvalde anlegg	48
7.1.1	<i>Metode eignaheit og kapasitetanalysar</i>	48
7.1.2	<i>Arealet til elevane</i>	48
7.1.3	<i>Arealet til personalet</i>	49
7.1.4	<i>Supplerande tilstandskartlegging med revidert kalkyle</i>	50
7.2	Florø barneskole - Revidert kapasitets- og eignaheitsanalyse	51
7.2.1	<i>Vurdering frå Bruksplanen (2021)</i>	51
7.2.2	<i>Ny analyse og gjennomgang av eignaheit, kapasitet og tiltaksnivå</i>	52
7.2.3	<i>Vurdering av teknisk tilstand og kalkyle vedlikehaldsetterslep</i>	54
7.2.4	<i>Investeringsmessige konsekvensar Florø barneskole – to alternativ</i>	54
7.3	Kapasitets- og eignaheitsanalyse Krokane skule	55
7.3.1	<i>Vurdering av teknisk tilstand og kalkyle vedlikehaldsetterslep</i>	57
7.3.2	<i>Investeringsmessige konsekvensar – Krokane skule</i>	57
7.4	Kapasitets- og eignaheitsanalyse Skavøypoll skule	58
7.4.1	<i>Vurdering av teknisk tilstand og kalkyle vedlikehaldsetterslep</i>	59
7.4.2	<i>Investeringsmessige konsekvensar</i>	59

1 Oppdraget – Nærare vurderingar og analysar av fire skuleanlegg

Rapporten «Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår» vart førelagt politisk mynde vinteren 2023/24 og synte to moglege vegval for korleis oppvekst og utdanning kan møte ei framtid med elevtalsnedgang – og samstundes bidra til omstilling og omfordeling for å tilpasse seg ei framtid med auka innsats i eldreomsorga.

Norconsult og Agenda Kaupang konkluderte med at det er kun gjennom å etablere større barneskular i sentrum av Florø og Måløy – at oppvekstsektoren kan innfri kommunestyrets vedtak om effektivisering, samstundes som krav til kvalitet vert vidareutvikla - i ei framtid med mindre pengar og færre elevar.

I samband med tiltaksutviklinga vart det vurdert to moglege strukturelle vegval for skulane i Florø sentrum og Vågsøy med moglegheit 1 (M1) og moglegheit 2 (M2). Vidareføring av dagens situasjon M0 var samanlikningsalternativet.

I denne tilleggsvurderinga er det utarbeidd eit nytt M0+ alternativ som er meir ambisiøs for tiltaksutviklinga ved Florø barneskule, Krokane skule og Skavøypoll skule. Videre er Skramsmarka vurdert i høve eignaheit og tilstand.

I samband med den politiske handsaminga av framtidig organisering og lokalisering av barneskulestrukturen i Florø sentrum og Måløy – er det ynskjeleg med utvida tekniske tilstands- og eignaheitsanalysar med kalkyle av utvalde anlegg, samt nærare vurderingar om handlingsrommet og moglegheitene tufta på reviderte elevtalsprognosar.

Denne rapporten prøver å svare ut behovet for tilleggsinformasjon og meir utfyllande analysar og vurderingar knytt til tema over.

Aktuelle bygg som er vurdert::

- **Florø barneskole**
- **Krokane skule**
- **Skavøypoll skule**
- **Skramsmarka**

I tillegg ynskjer Kinn kommune ei overordna vurdering av elevkapasiteten i **nye Skram skule** (teikning) og potensialet for om Skramsmarka eventuelt kan nyttast til skuleføremål.

Barnehage er ikkje ein del av revisjonsgrunnlaget.

1.1 Utfordringsbilde Grunnskule Kinn kommune (frå Omstillingsrapporten)

Grunnskule

- **Drifts- og investeringsøkonomi** : Reduserte statlege rammeoverføringar på inntektssida kombinert med store nedtrekkskrav på utgiftssida – set sektoren i eit stort økonomisk krysspress. Det er kun gjennom strukturelle grep at sektoren kan imøtekomme desse krava.
- **Vedlikehaldsetterslep og bygningsmessig funksjonalitet**: Låg funksjonalitet / eignaheit kombinert med låg tilstandsgrad på mange av bygga – og ei vidareføring av dagens lokalisering og organisering vil medføre investeringsbehov til vøling og rehabilitering – framfor ein investeringsprofil som vert nytta til **modernisering og fornying** av bygningsmassen. Eigeomsstrategiske grep tilseier at pengane må i størst mogleg grad må nyttast til nybygg.
- **Stor elevtalsnedgang** – i alle krinsar og skuleområde. Det er 440 færre elevar i grunnskulen i Kinn i 2035 – samanlikna med inneverande år. Dette tilsvarar dagens elevtal ved Florø ungdomsskule eller elevtalet ved Florø barneskule i skuleåret 2027/28.
- **Mykje ledig skulekapasitet** i nærast alle anlegg – **stor ubalanse** mellom behov og kapasitet – og mykje unytta kapasitet i delvis nye, moderne og funksjonelle anlegg. Kommunen må søke løysingar som fyller opp funksjonelle og moderne anlegg der dette er mogleg. Skulebygga litt tett på Florelandet og i Måløy
- **Rekruttering og kompetanseutvikling**. Grunnskulen vert spesialisert og kampen om lærar- og leiarkompetanse tilseier etablering av større fag- og elevmiljø. Kva vilkår skal læring produserast etter og kva gjev best kvalitet.
- Kommuneplan med samfunns- og arealdel. Skulane må byggje opp under senterstruktur og samstundes må kommunen kunne stø opp under levende grender.
- Ei desentralisert grunnskuleteneste med **mange** grunnskular under 100 elevar.
- Stor samla **elevtalsnedgang** i kommunen generelt
 - Delvis stor elevtalsnedgang for **Florø barneskule** og på lang sikt for ungdomsskulane – også Raudeberg skule og Brandsøy skule får stor nedgang.
 - Elevtalsnedgang ved resten av skulane -
 - Stavang får eit elevtalsgrunnlag på 8-10 elevar.
 - Delvis stabil elevtalsutvikling ved Torvmyrane, Krokane og Skram skule.
- Det er utført historisk investeringar i **nye skuleanlegg** i heile kommunen. Vågsøy ungdomsskule, Brandsøy skule og barnehage og Eikefjord barne- og ungdomsskule er døme på moderne og funksjonelle anlegg. Vidare er Florø ungdomsskule og Torvmyrane også funksjonelle grunnskular. Krokane og Skavøypoll er skular som er gamle og har trong for utbetringar. Florø barneskule har med «nybygget» fått betre fysiske og kapasitetsmessige tilhøve. Framleis er det funksjonelle utfordringar og behov i hovudbygget som bør løysast i framtida. Skram skule er av låg bygningsmessig standard med låg pedagogisk funksjonalitet – her er det vedteke nybygg
- Nye moderne og kostbare anlegg som ligg sentralt i kommunen bør sikrast **større elevtalsgrunnlag**
- **Språkdeling** ved Skram skule, gjev auka delingsproblematikk med påfølgjande kapasitets- og kostnadsutfordringar.
- **Ungdomsstega** er godt avstemt geografisk og demografisk – og har ei funksjonell tenesteorganisering med dagens lokaliseringar. Desse skulane er moderne, funksjonelle og framtidretta anlegg. Det vil vere plass til ungdomssteg i Eikefjord på Florø ungdomsskule.

1.2 Ny opplæringslov og endring av nærskuleprinsippet – konsekvensar for Kinn

Ny opplæringslov trer i kraft i august inneverande år. Lovtekst knytt nærskuleretten og nærskuleprinsippet er vorten endra og revidert i ny lov.

Kommunane kan no i større grad nytte skulekapasitet og kapasitetsutfordringar som motiv i samband med elevfordeling mellom skular for å utnytte ledig skulekapasitet på naboskular som ligg i nærmiljøet.

Med utgangspunkt i Opplæringslovutvalget sine tilrådingar i NOU 2019: 23, og Kunnskapsdepartementet sitt forslag, er ny opplæringslov vedteken, gjeldande frå 1. august 2024. § 2.6 i ny opplæringslov skal erstatte dagens § 8-1 i noverande opplæringslov.

Gjeldande lovtekst lyder slik:

§ 8-1. Skulen

Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje...

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.

Noverande § 8-1 inneheld også bestemmingar om at kommunar kan avtale at einskilde område kan sokne til skular i nabokommunen.

Ny bestemming lyder slik:

§ 2-6. Kva grunnskole eleven skal gå på

*Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skolekrinsar. Ved tildeling av skoleplass og fastsetjing av forskrift om skolekrinsar skal kommunen leggje særleg vekt på kva skole som ligg nærast heimen. **Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasiteten på skulane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skole.***

Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skole enn den eleven har rett til å gå på.

Vi ser at dagens formulering «rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til» er erstatta med følgjande formulering i ny lov: «Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet.» Hovudformålet med både dagens lovtekst og nytt forslag er at elevar frå same geografiske område skal gå på den same skulen. Når både utvalet og Stortinget vel å bruke nemninga «nærmiljøet» spelar det ikkje berre på nærleik i avstand, men også tilknytning.

Vi finn i førebuingane og ny lovtekst presiseringar som vi berre delvis ser i førebuingane og merknadene til dagens lov: Ein skal leggje vekt på kva som er næraste skule, men samstundes ta omsyn til skulekapasitet, fordeling på bustadområde, topografi og trafikk. Det vert presisert i førebuingane særleg at kommunal forskrift kan opne for unntak frå krinsane ved kapasitetsutfordringar. Gjeldande ordning opnar berre for å vektlegge kapasitet dersom det alt er fullt ved ein skule. Opplæringslovutvalet føreslo i forarbeid til ny lov at kommunane skal kunne ta omsyn til kapasitet i fastsetjinga av skulekrinsar, også når skulane ikkje er fulle, og mellom anna kunne halde av skuleplassar til tilflyttarar: «Hensikten er å få til en effektiv utnyttelse av de samlede personalressursene og best mulig utnyttelse av kapasiteten i de eksisterende skulebyggene. Dette

vil gi størst handlingsrom for kommunene og legge best til rette for effektiv utnyttelse av kommunens økonomiske ressurser» (UDIR, 2019, s. 371).

Utgangspunktet for fastsetjing av kringsgrenser vil, også etter utvalet sitt framlegg og ny lovtekst, være geografisk nærleik. Presiseringane i lov og førebuingar inneber likevel at den skulen som er nærmast i avstand ikkje alltid vil vere den skulen ein har rett til å gå på.

Dagens lov lèt Kinn kommune ta omsyn til kapasitet i fordeling av elevar på skular. Det tyder at ein har heimel for å flytte elevar til ein annan skule enn den som er nærmast i avstand, dersom denne er full. Det nye framlegget vil kunne gjere det lettare for kommunen å planleggje for best mogleg utnytting av kapasitet og ressursar.

Særleg gjeld dette mellom Florø barneskole og Krokane skule – mest for å avlaste Florø barneskole og tilføre fleire elevar til Krokane skule for å utnytte ledig kapasitet der.


I forarbeida til ny opplæringslov presiserer opplæringslovutvalet også at kommunane, i kommunal forskrift om skulekrinsar, skal ta utgangspunkt i dei skulane som til ei kvar tid finst i kommunen: «Kommunen står fritt til å opprette og legge ned skoler og til å bestemme hvor skulene skal plasseres» (UDIR, 2019, s. 371).

I Florø sentrum (Florø barneskole og Krokane skule) ligg skulane tett – og dagens kringsgrense går i kanalen. Her har elevar som bur mellom skulane fått høve til å søke om skulebyte – og fleire elevar som er busett i Florø barneskole sitt inntaksområde har fått innvilga skuleplass på Krokane skule.

2 Revidert Kompas-prognose (april 2024)

Dette kapitlet syner ny revidert Kompas-prognose frå april 2024 – og syner oppdaterte dimensjoneringsbehov for dei moglegheitene som vart presentert i hovudrapporten.


2.1 Samla elevtal



Revidert Kompas-prognose gjev ei noko mindre samla elevtalsnedgang enn føresetnadane i Omstillingsrapporten. Kommunen kan forvente ein elevtalsnedgang på om lag 300-350 elevar i dei neste 10-12 åra.

Dette gjev betydelege mindre inntekter i den daglege drifta.

2.2 Florelandet (Brandsøy, Torvmyrane, Krokane, Florø barneskole)




Prognosen syner framhald i elevtallsnedgangen for Florelandet samla – frå 890 elevar i skuleåret 2022/23 til om lag 775 elevar på lang sikt. Dette gjev ein nedgang på 115 elevar.

I dei fire barneskulane på Florelandet er det ein samla maksimal skulekapasitet på over 1 400 elevplassar. Dette gjev en overkapasitet i barneskuleanlegga på Florelandet på rundt 600 elevar – og tilseier 43% ledig kapasitet.

2.3 Heile Florø sentrum

2.3.1 Florø barneskole inkl. Stavang og Krokane skule – dagens situasjon




For dei to barneskulane i sentrum av Florø inklusiv Stavang, vil elevtalet gå frå 635 elevar i skuleåret 2021/22 til om lag 560-570 elevar på lang sikt. Dette er ein nedgang på om lag 65 - 75 elevar.

I denne rapporten har vi tatt ned klasseromskapisiteten i hovudbygget til Florø barneskole, slik at skulen får ein elevkapasitet frå over 580 elevar til om lag 540 elevar.

2.3.2 *Florø sentrum – Felles barneskule i Florø barneskule – tilrådd langsiktig løysing i «Omstillingsrapporten»*

I omstillingsrapporten vart det tilrådd å samle elevane i Florø sentrum i ein felles barneskule på Florø barneskule. I ei slik løysing kan om lag 30% av elevane ved Krokane skule overførast til Torvmyrane skule. Torvmyrane er ein funksjonell skule med mange kvalitetar og har samstundes mykje ledig kapasitet.




I den reviderte kapasitetsanalyse for Florø barneskule med ein maksimal skolekapasitet i dagens anlegg på 540 elevar, vil det teoretisk være kapasitet i skulen til å handtere elevtalet som Kompas-prognosen gjev.

Med ein struktur på 25 klasserom, er det også høve til å dele trinn som er store. Historisk har Florø barneskule hatt elevtal rundt 500 – 550 elevar.

Seinare i rapporten er det samstundes synt eit revidert tiltaksnivå for skulen – både for å gjere skulen meir funksjonell og eigna som læringsarena – samstundes som tilstandskalkylane er oppjustert og revidert.


2.3.3 Florø barneskole inkl. Stavang



Kompas-prognosen tilseier eit elevtalsgrunnlag på 450 – 460 elevar inkludert elevane frå Stavang på Florø barneskole. Inneverande skuleår går det 444 elevar ved skulen.


Prognosen gjev stabil elevtalsutvikling for sentrumsskulen.

2.3.4 Krokane skule (ujustert)



Prognosen for Krokane skule inneberer ein mindre elevtalsnedgang og skulen kan forvente eit justert elevtal på rundt 150-160 elevar innover i prognoseperioden. I perioden før 2020, hadde skulen over 200 elevar historisk.


2.4 Heile Vågsøy (tre barneskular)



Prognosen gjev samla stor elevtalsnedgang for barnesteget i Vågsøy. I skuleåret 2021/22 var det 480 elevar på barnesteget i Vågsøy – og prognosen tilseier rundt 400 elevar som langsiktig dimensjoneringsgrunnlag.

I tidlegare rapportar har Norconsult tilrådd ei løysing som også innebar ein felles barneskule i Vågsøy – på Skram skule - dimensjonert for 400 elevar.

2.4.1 Skram skule




Ny revidert prognose for Skram skule tilseier eit elevtalsgrunnlag på om lag 210 elevar når «nye-skulen» står ferdig. Skulen har fleksible løysingar i høve klasseromsarealet – og har både moglegheiter for deling og drift av større klassar over 30 elevar.

På lang sikt vert klassane jamne og delvis like – men skulen kan truleg forvente at det vert noko variasjon i storleik på årsstega – slik det har vore historisk.

Elles er barneskular med årssteg rett over 30 elevar – som ofte vert delt i to mindre klassar – dei mest kostbare einingane i drift.


Seinare i rapporten har Norconsult vurdert skulekapasiteten i nye Skram skule med bakgrunn i rettleiaren for Miljøretta helsevern.

2.4.2 Skavøypoll skule



Skavøypoll skule får ifølgje prognosen eit stabilt elevtal rundt 125 elevar i heile prognoseperioden. Slik prognosen slår ut for skulen, vil klassane liggje mellom 15-20 elevar.

2.4.3 Raudeberg skule



Raudeberg skule har vore gjennom ei stor elevtalsnedgang historisk – og skule ser no ut til å få eit konsolidert elevtalsgrunnlag på 65-70 elevar innover i prognoseperioden. På lang sikt tilseier prognosen rundt 70 elevar.

3 Revidert LCC analyse - Nytt alternativ M0+ : Utvida tiltaksnivå på utvalde skular

Det vart vurdert to mogelegheiter for å innfri kommunestyrets effektiviseringskrav og samstundes ha ein struktur som har rammer og føresetnader for å sikre pedagogisk kvalitet.

M1 og M2 under er to mogelegheiter som innfrir politiske vedtak og krav.

M1 fekk best score på dei evalueringskriteria som lå til grunn i hovudrapporten.

Moglegheit 0: Inga endring i struktur / inga strukturelle effektiviseringsgevinstar	Moglegheit 0+ Inga endring i struktur / inga strukturelle effektiviseringsgevinstar – men auka tiltaksnivå på tre skular	Moglegheit 1: Moderat strukturell omlegging / god effektiviseringsgevinst – frå 11 til 8	Moglegheit 2: Stor strukturell omlegging / stor effektiviseringsgevinst – frå 11 til 6
Inga endringar Oppfølging av vedtekne tiltak og vedlikehaldsetterslep	Inga endringar Oppfølging av vedtekne tiltak og oppjusterte vedlikehaldsetterslep, samt auka tiltaksnivå på Florø barneskole, Krokane skule og Skavøypoll skule	Skram inkl. Raudeberg Florø barneskole inkl. 70% Krokane og Stavang Torvmyrane inkl. 30% Krokane	Skram inkl. Raudeberg og Skavøypoll Florø barneskole inkl. 70% Krokane og Stavang Torvmyrane inkl. 30% Krokane og Brandsøy

Omstillingsrapporten tilrådde ei løysing med å etablere ein felles barneskule i sentrum av Florø (Florø barneskole og Krokane skule) på Florø barneskole.

Tiltaksnivået vart knytt til oppfølging av teknisk tilstand og tilbyggløysingar for å etablere fellesfunksjonar og felles inngangsparti.

3.1 Ny M0+ alternativ

3.1.1 Auka tiltaks- og ambisjonsnivå i hovudbygget til Florø barneskole:

- Auka kostnader til vedlikehald og teknisk tilstand
- Ombygging av klasseromsfløyane i kvar etasje for å sikre meir grupperom, fellesareal og elevgarderobar
 - o 1, 2 og 3 etg. har ein struktur på 6 like klasserom a 18 rom – kor eitt rom er nytta til SFO og eitt rom er naturfag / delingsrom.
 - o I 4. etg er det eitt storklasserom, mat og helse og musikk.
- Ombygging som inneberer at to klasserom i 1. etg. vert nytta som tilbyggsareal til nytt tilbygg og erstatta i tilbygget.
- Ombygginga inneberer at 2 klasserom i kvar av etasjane, 2 og 3. vert bygd om til grupperom, fellesareal og noko auka kapasitet til elevgarderobar.

- Mat og helse og naturfag i 4. etg vert to store klasserom og spesialromma vert erstatta i nytt tilbygg på 1. etg saman med felles samlingsrom og administrasjon, personalrom, mv.
- I gamal administrasjonsfløy med personalrom vert dei resterande 4 klasseromma reetablert / ombygd.
- To klasserom i 1. etg vert areal til påkobling tilbygg

3.1.1.1 Revidert kalkyle vedlikeholdsetterslep

FLORØ BARNESKOLE	
Ny fasade inkl. etterisolering og vindu	8,0 mill
Generell oppgradering overflater	2,0 mill
Ny taktekking inkl. underlag	6,0 mill
Generell oppgradering fast inventar	0,5 mill
Generell oppgradering sanitæranlegg	1,0 mill
Distribusjon/radiatorar	3,0 mill
Bergvarmepumper inkl. ledningsnett	4,0 mill
Generell oppgradering elektro	1,0 mill
SUM	25,5 mill

3.1.1.2 Nye investeringsmessige konsekvensar Florø barneskole

I dette reviderte tiltaksnivået for Florø barneskole, vil den same investeringskostnaden også medføre at skulen får kapasitet til også å handtere ei eventuell overføring av elevane ved Krokane skule.

Konsept 0+ Florø barneskole	Dimensjonerte elevtall jf. prognose	Bruttoareal	Arealbehov iht elevtall	Anslått investeringskostnad (NOK)					
				Riving/sanering	Rehabilitering / ombygging	Tilbygg	Nybygg Idrettsbygg	Vedlikeholdsetterslep revidert Norconsult	Investeringskostnad
Florø barneskole inkl. idrettsbygg	450	4 600	6 192		18,2 mill	69,3 mill	66,0 mill	25,5 mill	179,0 mill
Sum	450	4 600	6 192	-	18,2 mill	69,3 mill	66,0 mill		179,0 mill

Felles barneskule i Florø barneskole	Dimensjonerte elevtall jf. prognose	Bruttoareal	Arealbehov iht elevtall	Anslått investeringskostnad (NOK)					
				Riving/sanering	Rehabilitering / ombygging	Tilbygg	Nybygg Idrettsbygg	Vedlikeholdsetterslep revidert Norconsult	Investeringskostnad
Florø barneskule inkl. 70% Krokane skule og Stavang	550	4 600	5 277		18,2 mill	69,3 mill	66,0 mill	25,5 mill	179,0 mill
Sum	550	4 600	5 277	-	18,2 mill	69,3 mill			179,0 mill

M0+, M1 og M2 får det same tiltaksnivået. Dersom skulen skal betene eigen skulekrins inkl. Stavang, vert det langsiktige dimensjonerande elevtalet rundt 450 elevar.

Med om lag 70% av elevane ved Krokane skule overført til Florø barneskole (inkl. Stavang), vert det langsiktige dimensjonerande elevtalet rundt 540 elevar.

Investeringa ved Florø barneskole vert estimert til kr. 179 mill.

3.1.2 **Auka tiltaksnivå for Krokane skule:**

- Auka kostnader til vedlikehald og teknisk tilstand
- Tilbygg for å sikre felles samlingsareal og fase ut paviljong som midlertidig bygg
- Auka ombygging / rehabilitering av dei to eksisterande elevfløyane / generelt læringsareal

3.1.2.1 Revidert kalkyle vedlikehaldsetterslep

KROKANE SKULE	
Ny fasade inkl. etterisolering og vindu	3,0 mill
Generell oppgradering av overflater	1,5 mill
Ny takteking inkl. evt. rep av underlag	5,0 mill
Generell oppgradering fast inventar	0,5 mill
Generell oppgradering sanitæranlegg	1,0 mill
Varmepumper luft til luft	0,5 mill
Oppgradering luftbehandling	0,5 mill
Generell oppgradering elkraft	0,8 mill
SUM	12,8 mill

3.1.2.2 Nye investeringsmessige konsekvensar for Krokane skule

Konsept 0 +- Krokane skule	Dimensjonere nde elevtall jf. prognose	Bruttoareal	Arealbehov iht elevtall	Anslått investeringskostnad (NOK)						Investerings- kostnad
				Riving/ sanering	Rehabilitering / ombygging	Tilbygg	Nybygg Idrettsbygg	Vedlikehald- etterslep revidert Norconsult		
Krokane skule	150	3 014	3 200	-	30,0 mill	44,0 mill		12,8 mill	86,8 mill	
Sum	150	3 014	3 200	-	30,0 mill	44,0 mill	-	12,8 mill	86,8 mill	

Felles barneskule i Krokane skule	Dimensjonere nde elevtall jf. prognose	Bruttoareal	Arealbehov iht elevtall	Anslått investeringskostnad (NOK)						Investerings- kostnad
				Riving/ sanering	Rehabilitering / ombygging	Tilbygg	Nybygg Idrettsbygg	Vedlikehald- etterslep revidert Norconsult		
Krokane skule inkl. Florø barneskule og Stavang inkl. idrettsbygg	600	3 014	6 750	-	60,3 mill	205,5 mill	66,0 mill	12,8 mill	344,6 mill	
Sum	600	3 014	6 750	-	60,3 mill	205,5 mill	66,0 mill	12,8 mill	344,6 mill	

I M0+ alternativet er det lagt til grunn auka kostnader til vedlikehaldsetterslep, ombygging / rehabilitering av eksisterande anlegg, samt tilbygg for å sikre funksjoner som ikkje er etablert i anlegget.

I M0+ er det lagt til grunn kr. 87 mill. i investering.

Samstundes er det synt eit overslag på investeringsmessige konsekvensar dersom Krokane skule vert lokalisering for ein felles skule i Florø sentrum. Denne lokaliseringa medfører at få elevar kan overførast til Torvmyrane skule (eller Brandsøy skule) og skulen får eit dimensjonerande elevtal på 600 elevar.

3.1.3 ***Auka tiltaksnivå for Skavøypoll skule:***

- Auka kostnader til vedlikehald og teknisk tilstand
- Ombygging / rehabilitering av læringsareal

3.1.3.1 Revidert kalkyle vedlikeholdsetterslep

SKAVØYPOLL SKULE	
Ny fasade inkl. etterisolering og vindu	3,5 mill
Generell oppgradering av overflater	1,5 mill
Utskifting og oppgradering av yttertak	5,5 mill
Generell oppgradering av overflater	1,5 mill
Generell oppgradering av sanitæranlegg	1,0 mill
Generell oppgradering varmeanlegg	0,5 mill
Bergvarmepumpe inkl. ledningsnett	3,5 mill
Generell oppgradering elektro	1,0 mill
SUM	18,0 mill

3.1.3.2 Nye investeringsmessige konsekvensar for Skavøypoll skule

Skavøypoll skule 0+ alternativ	Dimensjonere nde elevtall jf. prognose	Bruttoareal	Arealbehov iht elevtall	Anslått investeringskostnad (NOK)					
				Riving/ sanering	Rehabilitering / ombygging	Tilbygg	Nybygg Idrettsbygg	Vedlikehold- etterslep revidert Norconsult	Investerings- kostnad
0+ alternativ Skavøypoll skule	130				20,0 mill			18,0 mill	38,0 mill
Sum									

Revidert kalkyle for teknisk tilstand og rehabilitering av innvendige elev- og tilsette funksjonar gjev eit stipulert investeringsbehov på kr. 38 mill.

3.2 Revidert evaluering av M0+ i høve dei andre moglegheitane

Hovedtema	Momenter	Vurd.
Skular som bidreg til trygge, gode og attraktive oppvekstmiljø	<ul style="list-style-type: none"> Skuleanlegga ligg tett på Florelandet og i Måløy – mange elevar kan gå / sykle til nærskulen – noko som medfører at dei fleste elevane har kort skuleveg. Elevane på øyane må reise med båt og buss for å kome til skulen. Ny skule i sentrum av Måløy – når mange innbyggjarar Skuleanlegga har uteområde med ballplassar som er tilgjengelege for nærmiljøet – også utanom skuletida. Florø barneskole vert moderne og framtidsretta – og vil styrke skulen som lærings- og sosial arena med betre og meir oversiktlege areal. Færre elevar pr. etasje og meir transparente løysingar gjer at brorparten av elevane i Kinn har tilgang til moderne læringsareal. Krokane og Skavøypoll vert dei anlegga med størst behov for auka funksjonalitet, men lågt elevtal ved desse skulane tilseier at det er jamt over gode skulearena i Kinn. 	+1/+2
Fysisk utforming som stimulerer til, og fremmar, læring	<ul style="list-style-type: none"> Ny Skram skule gjev eit stort løft på den skulen som no har lågast vurdert funksjonalitet og tilstandsgrad. Framleis mange skular med varierende pedagogisk funksjonalitet – og eldre bygg som er organisert etter tidlegare tiders pedagogisk praksis. Framleis store variasjonar mellom skulane – og variasjon i likeverdige fysiske læringsmiljø. Varierte løysingar og utforming som fremjar ulike læringsmetodar, samarbeid og sambruk/fleirbruk. Florø barneskole får auka tiltaksnivå med ein funksjonalitet som gjer at hovudbygget vert moderne og framtidsretta. Administrasjonen vert flytta ned til 1. høgda, og klasseromsfløyane vert utvikla med større klasserom kombinert med auka grupperomskapasitet og garderobekapasitet og utvida fellesfunksjonar i tillegg til idrettsbygget. Mange elevar og mange tilsette får læringsmiljø som er moderne og framtidsretta. 	+1
Skular som bidreg til solide fagmiljø og attraktive arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none"> Fleire skular er forholdsvis små – med få elevar og få klassar. Dette gjev og små fagmiljø med venta store rekrutteringsutfordringar til leiarliv og pedagogisk personale. Fleire nye moderne skuleanlegg trekk opp (Brandsøy, Vågsøy u, Eikefjord bu og delvis Torvmyrane) Florø b får eit stort fagmiljø som er attraktivt, men funksjonalitet i skuleanlegget trekk ikkje lenger ned. Mange einingar som stabs- og støttetjenester, eigedomsforvaltning må forholde seg til. Mange einingar som hjelpetenestene må følgje opp – delvis stort kontrollspenn for sjefsnivået. 	-1
Trygg skuleveg og akseptabel reisetid for alle barn	<ul style="list-style-type: none"> Nærskulane vert vidareført. Brorparten av elevane har kort reiseveg og reisetid. Noko trafikale utfordringar ved einskilde skuleanlegg – noko blanding mellom harde og mjuke trafikantar. 	2
Skuleanlegg som er tilpassa forventade elev- og klassetal	<ul style="list-style-type: none"> Nybygg på Skram gjev ein kapasitet tilpassa elevtalet. M0+ vidarefører elles enormt mykje ledig skulekapasitet og ein lite kompakt og moderne bygningsmasse. M0+ aukar bygningsarealet. Fleire krinsar får stor elevtalsnedgang. 	-2

Ein skulestruktur som stimulerer til at drifta er effektiv, føreseieleg og likeverdig

- Ny ressurstilleggsmodell bidreg – men utan strukturelle grep vil ikkje M0+ møte kravet om redusert nettoutgift for sektoren. Kostnadsnivået vert i stor grad vidareført. Gjer i liten grad meir for mindre.
- Investeringsprofil vert endra – ved at det vert investert meir i teknisk tilstand og vedlikehaldsetterslep, samt tiltaka som aukar funksjonalitet og eignaheit ved særleg Florø barneskole. Modernisering av hovudbygget ved Florø barneskole bidreg til meir byggfornyng.
- M0+ vidarefører eit lite kompakt bygningsareal som i dag, men i noko betre tilstand.
- Dei fysiske læringsmiljøet vert meir likeverdig i Kinn

-1

3.2.1 Ny samanstilling med M0+


Hovedtema	M0	M0+	M1	M2
Skular som bidreg til trygge, gode og attraktive oppvekstmiljø	+1	+1	0	-1
Fysisk utforming som stimulerer til, og fremmar, læring	-1	+1	+1	+1
Skular som bidreg til solide fagmiljø og attraktive arbeidsplassar	-1	-1	+1	+1
Trygg skuleveg og akseptabel reisetid for alle barn	+2	+2	+1	-1
Skuleanlegg som er tilpassa forventa elev- og klassetal	-2	-2	+1	+2
Ein skulestruktur som stimulerer til at drifta er effektiv, føreseieleg og likeverdig	-2	-1	+1	+2

M0+ alternativet med auka tiltaksnivå i høve teknisk tilstand, samt investeringar som gjev særleg hovudbygget til Florø barneskole meir moderne og framtidssretta funksjonar, påverkar fleire evalueringstema i høve M0. Med betre og meir eigna klasseromsfløyar i Florø barneskole får mange fleire elevar tilgang til meir moderne og funksjonelle læringsareal. Samstundes får mange fleire tilsette også betre arbeidsforhold.

M0+ scorar betre enn M0, men er ikkje betre enn M1 som har høgast score eller M2 som er nest høgst.

3.3 Revidert LCC analyse

LCC-analysen er oppdatert med siste prisar i Norsk Prisbok – februar 2024. Dette er gjort for alle alternativ.



M0+ kjem dårlegast ut – fordi investeringane og bygningsarealet aukar i dette alternativet – samanlikna med M0.

Alternativ	LCC (ÅK) NS3454								Årleg vurdert Innsparingspotensial M0+, M1 og M2	
	1 Investeringkostnader	2 Forvaltningskostnader	3 Drift, vedlikehold og reparasjoner	4 Utskiftning og utviklingskostnader	5 Forsyningskostnader	6 Renholdskostnader	7 Driftskostnader grunnskule ny tildelingsmodell	8 Skoleskys		SUM [ÅK]
Moglegheit 0	41 104 463	3 207 628	3 757 374	17 530 127	4 885 974	9 683 877	0	0	80 169 443	0
Moglegheit 0+	46 092 432	3 387 536	4 086 670	18 497 727	5 150 424	10 231 801	0	0	87 446 590	7 277 146
Moglegheit 1	38 264 771	2 741 271	3 291 017	15 214 319	4 200 468	8 263 551	-5 100 000	76 000	66 951 398	-13 218 045
Moglegheit 2	37 933 124	2 507 303	3 057 049	13 955 967	3 856 554	7 550 983	-9 700 000	1 360 400	60 521 380	-19 648 063

Auka tiltaksnivå med meir ombygging og tilbyggsareal medfører at M0+ samla sett kommer dårlegare ut økonomisk enn M0 alternativet, fordi alternativet gjev i liten innverknad på skuledrift og bygningsdrift. Med meir tilbyggsareal, får kommunen meir samla bygningsareal å drifte, sjølv om den tekniske tilstanden ved anlegga vert noko betre. Samstundes vert same struktur vidareført og det er ikkje rom for innsparing på skuledrifta i høve ny ressurstilodelingsmodell.

Alternativ 0	Bygningstype	Nøkkeltall bygningsmasse				LCC (ÅR) NS3464									
		Existerende areal (m² BTA)	Arealbehov iht norm (m² BTA)	Areal i analyse (m² BTA)	Kostnad	1 Investeringstiltak	2 Forvaltningskostnader	3 Drift, vedlikehold og reparasjoner	4 Utsifting og utskiftingstiltak	5 Fjerningskostnader	6 Renholdingskostnader	7 Service-/støttekostnad iflg. Njermvirkemotset	8 Virksomhetsspesifikke kostnader	Sum K	
Flora barneuke	Barneuke	4 600	9 300	4 600	127 800 000	0	0	953 441	2 173 200	0	1 229 486	0	0	14 613 700	
Krokane skule	Barneuke	3 014	0	3 014	75 460 000	0	0	264 509	1 422 608	0	885 862	0	0	8 528 571	
Tøytnyrå skule	Barneuke	3 400	0	3 400	3 150 000	0	0	208 384	1 024 200	0	308 752	0	0	3 773 282	
Brandøy skule	Barneuke	1 700	0	1 700	0	0	149 192	802 400	0	219 300	454 376	0	0	1 774 460	
Flora ungdomsskule	Ungdomsskule	6 000	0	6 000	3 950 000	0	0	281 355	3 017 040	0	841 200	1 570 200	0	6 762 915	
Rausdelling skule	Barneuke	1 800	0	1 800	6 200 000	0	0	448 621	157 560	0	481 184	0	0	2 320 461	
Skavoygull skule	Barneuke	2 000	2 066	2 066	36 713 000	0	0	183 312	975 152	0	265 514	552 200	0	4 271 528	
Stram skule med gymnas	Barneuke med gymnas	3 500	3 721	3 700	329 000 000	0	0	23 434 415	324 712	1 554 000	477 300	889 830	0	27 104 075	
Videreg. ungdomsskule	Ungdomsskule	3 500	0	3 500	0	0	447 376	2 564 884	0	715 920	1 384 870	0	0	5 509 351	
Ekkefjord barne- og ungdomsskule	Ungdomsskule	4 170	3 150	4 170	0	0	365 959	2 096 843	0	584 634	1 091 289	0	0	4 504 684	
Skovrud skule	Barneuke	1 000	0	1 000	1 070 000	0	0	97 250	472 000	0	139 500	0	0	1 115 050	
Sum		30 284	14 335	30 550	577 073 000	0	0	41 104 463	3 207 628	3 757 374	17 130 127	4 885 974	9 683 877	0	80 149 443

Alternativ 0+	Bygningstype	Nøkkeltall bygningsmasse				LCC (ÅR) NS3464									
		Existerende areal (m² BTA)	Arealbehov iht norm (m² BTA)	Areal i analyse (m² BTA)	Kostnad	1 Investeringstiltak	2 Forvaltningskostnader	3 Drift, vedlikehold og reparasjoner	4 Utsifting og utskiftingstiltak	5 Fjerningskostnader	6 Renholdingskostnader	7 Service-/støttekostnad iflg. Njermvirkemotset	8 Virksomhetsspesifikke kostnader	Sum K	
Flora barneuke	Barneuke	4 600	9 300	4 600	127 800 000	0	0	953 441	2 173 200	0	1 229 486	0	0	14 613 700	
Krokane skule	Barneuke	3 014	0	3 014	86 800 000	0	0	6 182 697	334 717	1 800 208	492 006	1 019 406	0	10 163 750	
Tøytnyrå skule	Barneuke	3 400	0	3 400	3 150 000	0	0	224 272	1 098 884	1 054 800	438 600	508 152	0	3 773 282	
Brandøy skule	Barneuke	1 700	0	1 700	0	0	149 192	149 192	802 400	0	219 300	454 376	0	1 774 460	
Flora ungdomsskule	Ungdomsskule	6 000	0	6 000	3 950 000	0	0	281 355	3 017 040	0	841 200	1 570 200	0	6 762 915	
Rausdelling skule	Barneuke	1 800	0	1 800	6 200 000	0	0	448 621	157 560	0	481 184	0	0	2 320 461	
Skavoygull skule	Barneuke	2 000	2 066	2 066	36 000 000	0	0	2 206 711	183 312	183 312	975 152	265 514	552 200	4 883 201	
Stram skule med gymnas	Barneuke med gymnas	3 500	3 721	3 700	329 000 000	0	0	23 434 415	324 712	1 554 000	477 300	889 830	0	27 104 075	
Videreg. ungdomsskule	Ungdomsskule	3 500	0	3 500	0	0	447 376	2 564 884	0	715 920	1 384 870	0	0	5 509 351	
Ekkefjord barne- og ungdomsskule	Ungdomsskule	4 170	3 150	4 170	0	0	365 959	2 096 843	0	584 634	1 091 289	0	0	4 504 684	
Skovrud skule	Barneuke	1 000	0	1 000	1 070 000	0	0	97 250	472 000	0	139 500	0	0	1 115 050	
Sum		30 284	14 335	30 600	647 100 000	0	0	46 092 432	3 387 436	4 066 676	18 497 727	5 150 424	10 231 801	0	87 440 580

Alternativ 1	Bygningstype	Nøkkeltall bygningsmasse				LCC (ÅR) NS3464										
		Existerende areal (m² BTA)	Arealbehov iht norm (m² BTA)	Areal i analyse (m² BTA)	Kostnad	1 Investeringstiltak	2 Forvaltningskostnader	3 Drift, vedlikehold og reparasjoner	4 Utsifting og utskiftingstiltak	5 Fjerningskostnader	6 Renholdingskostnader	7 Service-/støttekostnad iflg. Njermvirkemotset	8 Virksomhetsspesifikke kostnader	Sum K		
Flora barneuke inkl. Krokane og Stram	Barneuke	4 600	9 300	4 600	127 800 000	0	0	953 441	2 173 200	0	1 229 486	0	0	14 613 700		
Krokane skule	Barneuke	3 014	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	-1 700 000	-1 700 000		
Tøytnyrå skule inkl. 30% Krokane	Barneuke	3 400	0	3 400	3 150 000	0	0	224 272	1 098 884	1 054 800	438 600	508 152	0	3 773 282		
Brandøy skule	Barneuke	1 700	0	1 700	0	0	149 192	149 192	802 400	0	219 300	454 376	0	1 774 460		
Flora ungdomsskule	Ungdomsskule	6 000	0	6 000	3 950 000	0	0	281 355	3 017 040	0	841 200	1 570 200	0	6 762 915		
Rausdelling skule	Barneuke	1 800	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	-1 700 000	-1 616 400		
Skavoygull skule	Barneuke	2 000	2 066	2 066	36 713 000	0	0	2 615 039	183 312	183 312	975 152	265 514	552 200	4 271 528		
Stram skule inkl. Rausdelling	Barneuke	3 500	4 177	4 200	273 789 000	0	0	26 482 531	388 552	1 982 400	541 800	1 122 570	0	30 866 451		
Videreg. ungdomsskule	Ungdomsskule	3 500	0	3 500	0	0	447 376	2 564 884	0	715 920	1 384 870	0	0	5 509 351		
Ekkefjord barne- og ungdomsskule	Ungdomsskule	4 170	3 150	4 170	0	0	365 959	2 096 843	0	584 634	1 091 289	0	0	4 504 684		
Skovrud skule	Barneuke	1 000	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	-1 700 000	-1 307 600		
Sum		30 284	4 177	31 230	537 206 000	0	0	38 264 771	2 741 271	3 291 017	15 214 813	4 200 468	8 263 951	5 100 000	76 000	66 921 398


Alternativ 2	Bygningstype	Nøkkeltall bygningsmasse				LCC (ÅR) NS3464										
		Existerende areal (m² BTA)	Arealbehov iht norm (m² BTA)	Areal i analyse (m² BTA)	Kostnad	1 Investeringstiltak	2 Forvaltningskostnader	3 Drift, vedlikehold og reparasjoner	4 Utsifting og utskiftingstiltak	5 Fjerningskostnader	6 Renholdingskostnader	7 Service-/støttekostnad iflg. Njermvirkemotset	8 Virksomhetsspesifikke kostnader	Sum K		
Flora barneuke inkl. 70% Krokane og Stram	Barneuke	4 600	9 300	4 600	127 800 000	0	0	953 441	2 173 200	0	1 229 486	0	0	14 613 700		
Krokane skule	Barneuke	3 014	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	-1 700 000	-1 700 000		
Tøytnyrå skule inkl. 30% Krokane	Barneuke	3 400	0	3 400	21 500 000	0	0	1 134 421	1 268 884	1 054 800	438 600	508 152	0	6 600 646		
Brandøy skule	Barneuke	1 700	0	1 700	0	0	149 192	149 192	802 400	0	219 300	454 376	0	1 774 460		
Flora ungdomsskule	Ungdomsskule	6 000	0	6 000	3 950 000	0	0	281 355	3 017 040	0	841 200	1 570 200	0	6 762 915		
Rausdelling skule	Barneuke	1 800	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	-1 700 000	-1 616 400		
Skavoygull skule	Barneuke	2 000	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	-1 700 000	-856 400		
Stram skule inkl. Rausdelling og Skavoygull	Barneuke	3 500	5 300	5 300	385 500 000	0	0	27 458 860	465 528	2 501 600	689 700	1 616 580	0	32 991 000		
Videreg. ungdomsskule	Ungdomsskule	3 500	0	3 500	0	0	447 376	2 564 884	0	715 920	1 384 870	0	0	5 509 351		
Ekkefjord skule 1-7	Ungdomsskule	4 170	0	4 170	0	0	365 959	2 096 843	0	584 634	1 091 289	-1 200 000	0	212 600		
Skovrud skule	Barneuke	1 000	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	-1 700 000	-1 307 600		
Sum		30 284	22 000	28 570	532 550 000	0	0	37 923 124	2 507 303	3 027 049	13 905 967	3 806 654	7 530 968	-9 700 000	1 360 400	60 211 800

4 Felles barneskule i Florø sentrum - tilleggsvurderingar

4.1 Justering av inntaksområda i Florø sentrum for å tilføre fleire elevar til Krokane skule

I kartet til venstre er det synt to endringar i kringsgrensene mellom Florø barneskule og Krokane skule – ein omfattande og ei moderat kringsgrenseending.


Kartet syner korleis Krokane skule sitt inntaksområde kan utvidast inn i dagens inntaksområde til Florø barneskule og tilførast fleire elevar og avlaste Florø barneskule.



I figuren under ser vi konsekvensane av ei justering av inntaksområda for i høve alternativ 1 som er ei moderat endring og alternativ 2 som er ei større endring. Alternativ 2 inneberer at inntaksområdet til Krokane skule går tett på Florø barneskule.

Ei slik justering vil truleg no vere meir i tråd med intensjonen av lovendinga knytt nærskuleprinsippet.

Ved å endre kringsgrensene til Krokane skule inn i Florø barneskule sitt inntaksområde er det mogleg å overføre fleire elevar til Krokane skule. I alternativ 2 inneberer dette 42 fleire elevar til Krokane skule.




Det er mogeleg gjennom endring av Florø barneskole sitt inntaksområde å overføre fleire elevar til Krokane skule for å utnytte ledig kapasitet her.

Kommunen vil med ei slik justering ha like mykje overkapasitet samla sett i dei kommunale skulane og bygningsarealet vert det same.


4.1.1 Avstandar og elevmengder




Brorparten av elevane i sentrum bur naturleg nok i Florø barneskule sitt inntaksområde. Det er heller få elevar som bur på grensa mot Krokane skule.




I både Florø barneskule sitt inntaksområde er det få elevar som har lengre reiseveg enn 3 km og det er få elevar i Krokane skule som har lengre reiseveg enn 2 km.



4.1.2 Konsekvensar for elevmengde og avstandar




Brorparten av elevane i Flørø barneskule får meir enn 2 km lengre veg med Krokane som skulestad. Mange elevar får mellom 3-4 km avstand frå heim til skule om Krokane skule vert tomt for felles skule i Flørø sentrum.




Brorparten av elevane vil få nærskulen under 2 km i avstand ved å velje Flørø barneskule som skulestad for eit felles barnesteg i sentrum. Det er kun 19 elevar i Krokane inntaksområde som får ein avstand meir enn 2 km om dei må gå på Flørø barneskule som nærskule.

4.2 Revidert tiltaks- og ambisjonsnivå for Florø barneskole

4.2.1 Dimensjonerande elevtal



Ein felles sentrumsskule i Florø barneskole opnar for at om lag 30% av elevane i Krokane inntaksområde, kan overførast til ledig kapasitet ved Torvmyrane skule. På denne måten vert Torvmyrane sikra fleire elevar i ei tid med elevtalsnedgang. Torvmyrane skule er eit funksjonelt anlegg . og kommunen får på denne måten utnytta kapasiteten betre.



Torvmyrane skule får eit elevtal opp mot 180 – 190 elevar når 30% av Krokane skule (ujustert) vert overført hit.

4.2.2 Bygnings- og tiltaksmessige hovudgrep (revidert)

Hovudbygget (gamleskulen)	Ombygging	Nybygg / tilbygg
1. etg.	2 klasserom vert nytta som påkoplingspunkt for nytt tilbygg Gymsal vert ombygd til Musikkavdeling	Ny administrasjonsfløy med personalrom, felles samlingsareal, mat og helse Ny gymsal / idrettsbygg
2. etg	2 klasserom vert ombygd til å gje større klasserom, grupperom, fellesareal og noko auka garderobekapasitet	Tilbygg koplast på dagens lærararbeidsplassar i 2 og 3 etg.

3. etg	2 klasserom vert ombygd til å gje større klasserom, grupperom, fellesareal og noko auka garderobekapasitet. Administrasjonsfunksjonar med personalrom vert ombygd til 4 klasserom med grupperom	
4. etg	Mat og helse og musikkrommet vert klasserom	

Ombyggingsareal:

- 2 klasserom vert påkoplingspunkt til nytt tilbygg a 100 m²
- 4 klasserom (2. etg og 3. etg.) i hovudbygget vert omgjort til grupperom og fellesareal a 200 m²
- Mat og helse og musikkrom omgjøres til to store klasserom med grupperom a 150 m²
- Dagens administrasjonsfløy omgjøres til 4 klasserom med grupperom og korridor 310 m²
- Dagens gymsal vert ny musikkavdeling a 150 m²

Samla ombyggingsareal 910 m² NTA.


Tilbyggsareal ekskl. idrettsbygg

- Ny administrasjonsfløy med lærararbeidsplassar og personalrom 650 m²
- Felles samlingsareal (helst i tilknytning til idrettsarealet) 150 m²
- Mat og helse 100 m²
- Brutto / nettofaktor 1,40

Samla tilbyggsareal ekskl. idrettsbygg vert 1 250 m² BTA

4.3 Felles barneskule på tomte til Krokane skule

4.3.1 Dimensjonerande elevtal



Ny skule på Krokane får i følgje Kompas-prognosen eit elevtal på 560 – 590 elevar innover prognoseperioden.

Ei eventuell overføring av elevar til ledig kapasitet på Torvmyrane vert utfordrande på dette tomtevalet, men nye føringar i nærskuleprinsippet opnar i større grad for å nytte ledig kapasitet på Torvmyrane.

Tiltaksutforminga tek utgangspunkt i tilbygg og ombygging av Krokane skule. Ein felles barneskule på Krokane bør dimensjonerast for 600 elevar inkl. bufferkapasitet.

4.3.2 Bygnings- og tiltaksmessige hovudgrep – B600 skule

Krokane skule	Ombygging	Nybygg / tilbygg
Eksisterande skuleanlegg 2850 BTA (fråtrekk paviljong)	Ombygging og rehabilitering av	Tilbyggsbehov på 3736 BTA Ny gymsal/idrettsfunksjon på 1250 BTA (investeringsprogrammet)

4.3.3 Investeringmessige konsekvensar

Felles barneskule i Krokane skule	Dimensjonere nde elevtall jf. prognose	Bruttoareal	Arealbehov iht elevtall	Anslått investeringskostnad (NOK)					
				Riving/ sanering	Rehabilitering / ombygging	Tilbygg	Nybygg Idrettsbygg	Vedlikehold- etterslep revidert Norconsult	Investerings- kostnad
Krokane skule inkl. Florø barneskole og Stavang inkl. idrettsbygg	600	3 014	6 750	-	60,3 mill	205,5 mill	66,0 mill	12,8 mill	344,6 mill
Sum	600	3 014	6 750	-	60,3 mill	205,5 mill	66,0 mill	12,8 mill	344,6 mill

Ei løysing med å velje Krokane skule som skulestad for felles barneskule i Florø sentrum, krev mykje nybygg/tilbyggssareal – og vil gje ei investering nær kr. 345 mill.

I denne summen ligg og etablering av ny idrettsfunksjon.

5 Nye Skram skule – vurdering av eksisterande planar

5.1 Nye Skram skule – Kapasitetsanalyse av vedteken utbyggingsl sling

Norconsult har p  bakgrunn av teikningar vurdert elevkapasiteten i det nye framtidige skuleanlegget. Det er vurdert klasseromskapasitet, kapasitet i elevgarderobane og l rerarbeidsplassar.



Areal og rom som er merka gr nt er klasserom, grupperom og elevgarderobar. Desse funksjonane ligg i 1. og 2. etg.

5.1.1 Klasseromskapasitet

